

## Årsmøte Volda Rideklubb, 20.01.11

Til stades: Ida Kristine Standal, Liv Jorunn Nyhagen, Edle Holmin, Per Ove Mundal, Andreas Eikrem, Stine Risahagen, Heidi Martinsen, Marte Alvestad, Karin Vatnehol, Kjersti Stålem og Anna Sve

- 1) Ida Kristine Standal er sekretær
- 2) Edle Holmin er dirigent
- 3) Kjersti Stålem og Per Ove Mundal skal signere protokollen
- 4) Vi hadde annonse i Møre, 19.12.10, og sendte ut mail og melding til medlemma, og vi godkjenner med dette innmeldinga og saklista.
- 5) Edle fører inn dugnadar på årsmeldinga, og den vert då godkjent.
- 6) Magne Holmin reviderar årsrekneskapet. I 2010 har vi tatt opp lån, på ca 850 000, av det har vi brukt omtrent 500 000. Volda rideklubb har aldri tatt opp lån før, men såg det naudsynt for å få opp ny ridebane. Inkludert i det vi har brukt på ridebane er ridebane 40x80 meter med grunnarbeid, toppdekke, oppsetting av ridebanegjerde, og 2 lysmaster. Vi har også kjøpt dressurrail, dommarbud, klubbrakke og hestehenger. No ligg endelig alt til rette for nye arrangement på vår eiga ridebane og gode moglegheiter til å få inn pengar. 156 142 kr på konto per 20.01.11. Vi godkjenner rekneskapet med forutsetning at det vert revidert. Dette gjeld også for reknskapet 2009.
- 7) Skifte krets til Sogn og Fjordane. Då vi er den sørlegaste klubben i Møre og Romsdal og føler ei nokså stor tilhørighet i Sogn og Fjordane og starter fleire stemner der. Styret sendte ein mail til Norges rytterforbund for å høyre om det er problematisk reint tekninsk å bytte krets, og fekk til svar at det var ikkje så enkelt då ein måtte utrede kva konsekvensar det ville ha i dei ulike kretsane. Eit anna problem med å bytte krets er tildelinga av spelemidlar. Dersom styret i Volda rideklubb vedtek at om klubben vil bytte krets gir årsmøtet løyve til dette, så sant det er mogleg og det ikkje vil påverke spelemidlane.
- \* Oppdatering per 26.01.2011: Etter å ha snakka med kommunen har vi bestemt oss for å fortsetje i Møre og Romsdal rytterkrets. Det kan bli komplisert å bytte krets med tanke på spelemidlar i forhold til kva fylke ein høyrer til.
- 8) Årsmøtet vedtek at leiar i Volda Rideklubb har signaturrett. Dette for å forenkle bl.a å ta opp lån ol.
- 9) Årsmøtet vedtek at vi aukar baneleiga til 1000 kr i året, og medlemskontigenten til 400 kr i året med forbehold om at bana vert haldt open året rundt ved brøyting og salting av bana på vinterhalvåret.

10) Val av styret for 2011. Vi har nokre som er interesserte; Kjersti Stålem, Marte Alvestad, Per Ove Mundal. Frå styret i 2010 har vi Edle Holmin, Liv Jorunn Nyhagen, Ida Kristine Standal og Andreas Eikrem. Vi har dermed 7 potensiell medlem for styret 2011. Styret konstiuterar seg sjølv på første styremøte, onsdag 26.01.11, klokka 20:30, hjå Marte.

a) Aktivitetsgruppa: Synnøve Nedrelid og Silje Klepp dersom dei vil halde fram. Ida Kristine, Liv Jorunn og Karin Vatne Hol vil sitte i aktivitetsgruppa.

b) Vi vedtek at vi kan ha ein baneansvarleg i styret istadanfor ei banegruppe.

Kjersti Stålem  
Sign.

Per Ove Mundal  
Sign.